

Fjell kommune
Postboks 184
5342 STRAUME

Vår dato: 17.09.2014
Vår ref.: 200706359-13
Arkiv: 323
Dykkar dato: 03.07.2014
Dykkar ref.: 2011/2902

Sakshandsamar:
Toralf Otnes

Fråsegn til offentleg av kommuneplanen sin arealdel 2014 - 2026 - Fjell kommune

Vi syner til brev datert 03.07.2014. Saka gjeld offentleg ettersyn av kommuneplanens arealdel 2014 – 2026. Vi syner og til møtereferat frå møte hjå Fylkesmannen i Hordaland 12.09.2014.

Naturfare

I vårt innspel til varsel om oppstart av arbeidet med arealdelen kom vi med råd om å innarbeide alle område som potensielt kan vere utsett for flaum- og skredfare i kommuneplankartet som omsynssone. Vi rådde og til å knyte føresegner til omsynssonene med krav om nærare kartlegging av faren i alle plan- og byggesaker.

Vi kan ikkje sjå at Fjell kommune har gjort noko arbeid i høve til å kartlegge potensiell flaum- og skredfare. Kommunen har heller ikkje gjort seg nytte av aktsemdkart for skred som kan lastast ned frå www.skrednett.no. Sjølv om skredfare er ei mindre vanleg problemstilling i Fjell enn i mange andre kommunar må kommunen gjere grep i arealdelen som sikrar at all utbygging kan skje med tilstrekkeleg tryggleik mot skred. Vi oppmodar difor Fjell kommune til å kartlegge og innarbeide område med potensiell fare i kommuneplankartet. I alle fall der aktsemdområde overlappar byggeområde.

I føresegnene del 1 pkt. 4 er det gjeve ei føresegn med krav om geologisk undersøking i område brattare enn 30 grader med tilhøyrande utspringsområde. Heimelen som er oppgjeven er PBL § 11-9 nr 4. Vi meiner kommunen ikkje har høve til å gi ei slik føresegn. For det første er heimelen feil. Krav om utgreiing må, dersom den skal gjevast som ei generell føresegn, settast med heimel i PBL § 11-9 nr 8. Heimelen til å sette utgreiingskrav i nr. 8 er avgrensa til å gjelde ved utarbeiding av reguleringsplan. Kommunen vil då ikkje fange opp reine byggesaker. Etter vårt syn er det også for lite eintydig i kva område utgreiingskravet gjeld.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Ut frå dette er vi attende til at kommunen må kartfeste kva areal det skal vere slikt utgreiingskrav og markere det i plankartet som omsynssone Fareområde skred. PBL § 11 -8a) gjev kommunen den heimelen til å gi føresegnar som det ser ut som kommunen er ute etter.

Ei byggegrense på 20 m frå mindre bekkar og elvar vil i dei fleste tilfelle vere tilstrekkeleg for å hindre skade frå flaum og erosjon.

Vassdrag

Område i og langs vassdrag er verdifulle for miljø og friluftsliv. Vi kan ikkje sjå at det er vurdert å innføre eit byggeforbod i eit bestemt meterbelte langs vassdrag slik vi rådde til i vårt innspel til planoppstart. NVE rår Fjell kommune til å følgje opp dette innspelet før planen vert slutthandsama.

Vassressurslova §11 (om kantvegetasjon) gjeld langs alle vatn, elvar og bekkar, dvs. vassdrag med årssikker vassføring. NVE er nógde med at det er oppretta ei bevaringssone H560_1 langs Fjellvassdraget. Vi er likevel kritiske til at arealdelen tilsynelatande avgrensar vassressurslova § 11 til å gjelde berre dette vassdraget, noko det ikkje er høve til. Som nemnd over bør det settast ei generell byggegrense mot alle vassdrag. Avstanden kan differensierast ut frå vassdraget og omgjevnadane sin karakter, t.d. settast kortare når eit område er bygd på frå før og bygging skjer etter godkjend reguleringsplan.

Elvar og bekkar bør syne i plankartet.

Vassdrags- og energianlegg

NVE er nógde med at sentral- og regionalnettsanlegg er markert på plankartet med omsynssoner.

Med helsing

Brigt Samdal
Regionsjef

Toralf Otnes
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.settes automatisk inn ved ekspedering

Kopi:

Fylkesmannen i Hordaland